

# LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 4

April 1973

9. årgang

## Den rettferdigjorte sjel

Av Christian Scriver

Læren om en synders rettferdigjørelse for Gud er den kristne religions hovedartikkel. — Denne lære er den sanne himmelske sol. Uten den er alt mørke. Her har vi den evangeliske kirkes klenodie. Her har vi Skriftens kjerne og stjerne. Her er alle kristnes trøst i livet og i døden, roten til et gudfryktig og begynnelsen til et himmelsk og evig liv.

Apostelen Paulus er sikker i sin sak : «Vi vet at et menneske ikke blir rettferdigjort av lovgjerninger, men ved troen på Kristus.» (Gal. 2, 16). Vi blir rettferdigjort uforskyldt av hans nåde ved den forløsning som er i Jesus Kristus. «Den som ikke har gjerninger, men tror på ham som rettferdigjør den ugodelige, ham regnes hans tro til rettferdighet» (Rom. 4, 5). Et menneskes gjerninger, de kan være så gode de være vil, kan ikke gjøre oss rettferdige for Gud. Det er troen, som griper Kristus og dermed Guds rettferdigheit. I Kristus er der rettferdigheit nok for alle syndere. Her har vi en nådens fylde, en Guds nådes rikdom. Om en hel verden øste nåde av denne kilde så den ble til bare engler, ville den ikke minke en eneste dråpe. «Her er evangeliets hovedstykke og grunnvoll», sier Luther. «Når du ser at Kristus har gjort eller lidt noe, så skal du forlate deg like trygt på det, som om gjerningen og lidelsen var din egen. Nu tilbydes Kristus deg i ordet og i evangeliet som den der har gitt seg selv for dine synder.

Gjennem dine ører går han inn i ditt hjerte og bor der ved troen. Så er du ren og rettferdig, ikke for dine gjerningers skyld, men for Jesu Kristi skyld.»

Den evangeliske kirkes bibelske lære om Kristi tilreknedne rettferdigheit blir ofte spottet. Mange vil gjøre seg selv rettferdige og i allfall gi Gud noe så han skal være nødt til å gi dem sin nåde. Disse sikre hjerter har ikke sett inn i sin dype fordervelse og kan derfor ikke fatte evangeliets hemmelighet. Det er underlig at pavens folk så sterkt kjemper mot denne lære. De tror jo elles at gudfryktige og hellige menneskers lydighet, liv og bønner kan komme andre tilgode for Guds domstol. Det er sant nok at denne lære er ofte blitt sorgelig misbrukt av ugodelige som trosster seg i sine synder. Vi må aldri glemme at der ikke finnes en troens rettferdigheit uten en livets rettferdigheit. Men vi skal heller ikke glemme at en synder aldri blir rettferdig for Gud uten å eie Kristi rettferdigheit som han får i troen. Hva er et legeme uten sjel og et tre uten saft ! Kan noen være en krissten uten Kristus !

I denne tro at jeg for Kristi skyld er rettferdig for Gud, har jeg en sikker trøst og frimodighet til å møte alle mine anklagere. Jeg har Gud og hans Sønn Jesus Kristus på min side. Hva vil så det hele helvedpakk utrette mot meg? Hvis helvede kan sluke min frel-

ser, så også meg. Ellers ikke. Kan Satan ikke overvinne Jesus, kan han heller ikke seire over meg. Sjelefonden vil nok alltid prøve å føre meg bort fra Jesu rettferdighet til mine synder. Det kan også lykkes for ham. Det går meg undertiden som barnet der ligger og sover på mors fang. Det kan våkne opp forskretket som om det lå blant ulver.

Hvorfor skal min sjel sørge og være urolig!

Jeg står i nåde hos Gud og er i samfunn med min Frelser. Jesu liv og død, hans rettferdighet og salighet tilhører meg. Er Jesus min rettferdighet, hvem kan da kalle meg urettferdig? Er han min helliggjørelse, hvem kan da kalle meg uren? Er Jesus min nådestol, hvem kan da føre meg til domstolen? Er han min salighet, hvem kan da fordømme meg?

## *Nåde over nåde*

(Johs. 1, 16). Av Ole Rolfsnes

Bibelen bruker ordet nåde i forskjellige betydninger. Det første er nåde til frelse. Det er et tilbud fra Gud til alle mennesker, om noe som Jesus har gjort ferdig for dem. — Men det blir den enkelte til del ved å motta det i tro. «Av nåde er I frelst, ved tro, det er ikke av eder, det er Guds gave, ikke av gjerninger for at ingen skal rose seg.» (Efes. 2, 8—9).

Men så fortsetter Paulus i vers 10: «For I er hans verk, skapt i Kristus Jesus til gode gjerninger, som Gud forut har lagt ferdige, at I skal vandre i dem.» Her er det tale om en nåde som følger etter den frelsende nåde. — Guds frelsende nåde skaper noe i et frelst menneske som skal utføres. I 2. Kor. 9, 8 står det: «Og Gud er mektig til å gi eder allnåde i rikelig mål, for at I alltid i alle ting kan ha alt det I trenger til, og sådeles rikelig kan gjøre all god gjerning.» Skal vi kunne utføre disse gjerninger som er lagt ferdige for oss, da må vi ha mottatt hans frelsende nåde i Kristus. «For av hans fylde har vi alle fått, og det nåde på nåde» (Johs. 1, 16). Her er det tale om Hans fylde, og det må vel være det som Jesus var fylt av. Og denne nåde har han gitt oss. Jeg undres på hvor mange som har fått se inn i dette forhold. Har du

fått se og ta imot denne fylde? Like sikkert som han vil gi oss sin frelsende nåde, vil han gi eller skape noe av sin fylde i våre hjerter og liv.

Så skal vi se litt på hva Jesu fylde er, hva han var fyllt av, så får hver og en av oss avgjøre med seg selv hvor mye vi har tatt imot av hans fylde. Jesus var fyllt med lyst til å gjøre *Guds vilje*. Min mat er å gjøre hans vilje som har sent meg, sa han selv.

Når vi ser på alt det misjonsarbeide som er i gang, så må vi vel tro at han har fått gi mange av denne vilje. Det står at det er Hans vilje at alle mennesker skal bli frelst, og det er jo det alt misjonsarbeide går ut på. Det første et menneske merker når det blir frelst, er en vilje og lyst til at andre må få del i den samme frelse.

*Jesus var fyllt med omsorg* for dem som kom med i hans følge, for at de skulle få del i hele sannheten. En nybegynner ser ikke hele sannheten, og trenger veiledning og hjelp til å lære den å kjenne. Jeg synes det er få idag som er fyllt med denne omsorg. Oftest ser det ut for at det er mere om å gjøre å vinne nye, enn å ta seg av den som er kommet til troen eller begynt på veien. Omsorgen for dem er meget nødvendig, for om de ikke får hjelp vil

## Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Blir halde opp med frivillige gaver

Red. Amund Lid, tlf. 75. Norheimsund  
Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord  
Postgiro: 42837, Stord

Utgjevarpoststad: 5400 Stord  
*Norsk Luthersk Lekmannsmisjon:*  
Formann: Olav A. Dahl,  
boks 95, 5401 Stord. Tlf. (054) 10 482  
Kass. Sverre Bøhn, Norheimsund  
postgiro nr. 68213  
Bankgiro: Vikøy Sparebank,  
Norheimsund 3530.07.09492  
S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord

de lett føres inn i et falskt forhold.

*Jesus var fyllt av offersinn*, så han ofret alt sitt eget for vår skyld. Så mye som vi har fått ta imot av dette offersinn, så mye ofrer vi. Var vi fyllt av dette offersinn, da ville der ikke være underskudd i en eneste misjonskasse. Når vi ser hva der blir ofret på alkoholens alter, da blir det småtteri det vi farer med. Og de har ikke større lønn de, enn vi som kaller oss misjonsfolk.

*Jesus var fyllt med medynk* med våre skrøpeligheter. Det står skrevet at de sterke skal bære de svakes skrøpeligheter, og ikke være seg selv til behag. Dette sinnelag ville Jesus sikkert også få gi oss noe mere av. Vi leser om fire som bar en skrøpelig til Jesus. Men tro det ikke er få slike bærere i vår tid? Gjen nem dette spør Jesus deg om du vil bli en av dem. Å være en bærer av det stedlige arbeide er ingen lett sak, serlig når mange har gitt opp og en står alene. Årsaken til at det blir slik, er ikke at Jesus ikke har nok nåde å gi, men at vi forsømmer å ta imot nåde. Ingen

av oss blir pålagt mer enn Jesus makter å gi nåde til. Men skal vi bære i egen kraft, da vil det ikke gå.

*Jesus var fyllt med ydmykhet.* Et ydmykt sinn, er en av de vakreste blomster som kan slå rot i vår hjertejord. Av alle kristne dyder, er det den som bærer med seg mest av himmelsk ange.

*Jesus var fyllt med lidelse.* Paulus ber i Fil. 3, 10 om å få samfunn med hans lidelser. Mange bønner går opp til Gud også idag, men mon tro hvor mange som har dette innhold? Jeg undres på om vi er lidelsessky i vår tid. En av de største lidelser for meg, det er å legge merke til alt arbeide som utføres med det resultat at folk føres inn i et falskt gudsforhold.

Hele Jesu liv var fyllt av lidelse. Det var ikke først i Getsemane og på Golgata han led. Hvorledes kan vi få del i denne lidelse? Ved at Ånden får gi oss et klart lys over Guds ord, da får vi del i det samme lys som Jesus hadde. Han så det han forkynte, og han visste at det var sant.

Han fortalte om et rom i himmelen, laget til for hvert menneske, som var så fint at intet menneske aner det eller kan beskrive det. Men han visste også om et helvete, mere forferdelig og grusomt enn noe menneske aner eller kan beskrive. Og han så menneskene iles mot dette fortapelsens sted, uten å ane eller vite hva de gikk til. Om vi eide litt av dette syn, da ville der ingen mangel på lidelse bli i vårt liv. Men nu er det få som tør forkynne Bibelens ord og lære om helvete, som eksisterer like sikkert som himmelen.

Ja, slik kunne vi holde på å dra frem av Jesu fylde, som han vil gi oss del i. Men dette får være nok, til å vise at der er mer å få.

# Hva er kristendom?

Av Øyvind Andersen

I denne leksjon skal vi fortsette med å snakke om at Jesus var lydig. Vi sluttet med det forrige gang. Før vi går videre skal vi gjøre som vi pleier, samle oss i bønn. Vi takker deg Herre Jesus fordi vi får være sammen om ditt ord også på denne måten. Nå ber jeg igjen om din Hellige Ånd, og jeg ber om at vi må få se deg i ordet, og se deg slik at vi blir fri, og at det skaper troen på deg i våre hjerter. Velsign hver og en som sitter for å høre på, og la meg få det som du ser jeg trenger. Amen.

Vi skal begynne med å lese det samme ordet som vi har lest et par ganger. Filip. 2, 5-11 : La dette sinn være i eder, som og var i Kristus Jesus. Han som da han var i Guds skikkelse ikke aktet det for et rov å være Gud lik, men av seg selv gav avkall på det, og tok en tjeners skikkelse på seg, i det han kom i menneskes lignelse. Og da han i sin ferd ble funnet som et menneske, fornedret han seg selv så han ble lydig inntil døden, ja, korsets død. Derfor har og Gud høyt opphøyet ham, og gitt ham det navn som er over alt navn, så at i Jesu navn skal hvert kne bøye seg, deres som er i himmelen og på jorden og under jorden, og hver tunge bekjenne at Jesus Kristus er Herre, til Gud Faders ære.

Vi hører her at da det ble konstatert at Jesus var menneske, så fornedret han seg selv så han ble lydig, ja, lydig inntil døden. Det var denne Jesu lydighet vi altså sluttet med å tale om i vår forrige leksjon. Og jeg henviser da bl.a. til Hebr. 5. kap. hvor det står at han lærte lydighet av det han led. Ikke fordi han noen gang var ulydig, men forat han skulle bli opphav til frelse for oss. Han måtte være lydig for å bli vår frelses høvding.

Det betyr da, som vi nevnte, at han måtte

leve vårt liv, gjøre våre gjerninger, være det som vi skulle ha vært etter Guds hellige lov men ikke er, oppfylle alle våre plikter overfor Gud osv. Til denne lydighet kommer da dette, at han ble lydig inntil døden, og det var det vi serlig skulle stanse for nå.

Det betyr at han måtte ta straff for våre synder. Den døden som det er tale om her, det er døden på korset, som du hører. Han ble lydig inntil døden, ja korsets død. Døden på korset, det er straff for forbrytere. Det var den strengeste straff som fantes. Den ble bare brukt ved serlig alvorlige forbrytelser. Denne døden måtte Jesus ta. Det er uttrykk for at straffen lå på ham, slik som profeten også hadde spått. Det at han skulle være tjener, som vi har talt om tidligere. Han tok jo på seg en tjeners skikkelse, i og med at han ble menneske. Det medfører nettopp at hele straffen, som vi har fortjent, den ble tatt fra oss og lagt over på Jesus. Han skulle bære den, for at vi skulle ha fred, sier profeten.

Sammenholder vi dette, med det som vi talte om i den forrige leksjonen vår, så kan vi si lydigheten har to sider. Det er den aktive lydighet, og det er den passive lydighet.

Den aktive lydighet betyr Jesu stedfortredende oppfyllelse av loven. Den passive lydighet betyr at i og med at han er under loven, er han også under alle konsekvenser av at vi har syndet og brutt loven. Han er under den forbannelsen som loven feller over dem som ikke holder budene, altså lovens forbannelse. Den hviler over Jesus. Det er ingen prinsipiell forskjell på denne passive og aktive lydighet, og det går ikke an å skille dem i fra hverandre. Det vil jeg gjøre dere oppmerksom

på. Det blir nemlig lært det i vår tid, at vistnok tok Jesus på seg våre synder, men det er helt galt å si at han i vårt sted oppfylle loven. Man vil ta bort det som er kalt Jesu aktive lydighet, og beholde det som vi kaller den passive lydighet. Men det går ikke. Saken er at dette er bare to sider av den samme sak. Hvis ikke Jesus hadde holdt mål etter loven, så kunne han heller ikke bære straffen for våre synder. Det som gjør at vårt syndeansvar kan hvile på Jesus som menneske, er nettopp at han er et menneske som er fullkommen, syndfritt, pløttfritt. Det er illustrert i anskuelsesundervisningen om Ham i Det garnle testamente. Det lam som skulle være sonoffer, det måtte være lyteløst. Var det et lam med en feil på, så ble det ingen soning av det. Slik er det nettopp med Jesus, han må holde mål etter loven. Bare fordi han gjør det, kan han også bære våre synder. På den måten oppfyller Jesus alle våre plikter overfor Gud, og samtidig er han den som bærer det fulle og hele ansvar for alt det som mennesket har syndet.

Vi nevnte at han begynte sin gjerning, altså sin offentlige gjerning, som Messias med å gå til døperen Johannes og bekjenne seg ansvarlig for all menneskets synd. Dette fullbyrdet han på Golgata kors ved å si : *Det er fullbragt!* På Golgata kors ble dommen over synden eksekvert, satt i verk på en stedfortreder. Det betyr at den dom som Guds hellige lov uttaler over synden, den domen er satt i verk, og den er fullbyrdet. Det brukes meget sterke ord om dette i Det nye testamente. Jeg nevnte lovens forbannelse. I Gal.3 , 13 kan du selv lese om det. Der blir det sagt at Jesus ble gjort til en forbannelse for oss. Det er ikke bare det at han er under forbannelse og tar den på seg, men han blir simpelt hen gjort til den. Han blir behandlet som om han er selve forbannelsen. Noe lignende leser vi også andre steder. Jeg hen-

viser til 2. Kor. 5, 21. Der står det slik : Han som ikke visste av synd, han ble gjort til synd for oss, forat vi skulle bli rettferdige for Gud, i ham. Jesus var, som vi gjentagne ganger har pekt på, syndfri i gjerninger, i vesen, det fantes ikke synd ved ham. Han som altså ikke visste av synd, han ble gjort til synd, nemlig ved en tilrekning. Selv er han fullkommen, selv holder han mål etter loven, det er helt sikkert. Han ble gjort til synd ! Det vil altså si, han ble tilreknet det som du og jeg er, han ble faktisk ved en tilrekning gjort til det som du og jeg og alle mennesker er, og han blir behandlet *som om han er oss*. Og det ble han, forat vi i stedet skal bli behandlet som om vi var ham. Vi skal bli Guds rettferdighet, står det egentlig i grunnteksten, vi skal bli den rettferdighet som Gud skjenker og gir menneskene.

Rettferdigheten av Gud, på grunn av troen, som det heter i Fil. 3, 9. Den kommer vi til å eie i Ham.

Altså, her ser du hva Jesus har fullbyrdet. La meg nevne ennå et ord om dette. Det er Kollos. 2, 14 : Han utslettet skyldbrevet mot oss, det som var skrevet med bud, det som gikk oss imot. Det er altså loven. Egentlig står det her i grunnteksten at han utslettet den håndskrift som gikk oss imot, og det sikttes da til at Gud selv skrev på lovens tavler med sin finger. Budene er skrevet av Gud selv, det er åpenbaring av Guds hellighet. Denne håndskriften går oss imot, fordi vi ikke har holdt budene. Denne håndskriften er utslettet. Det er oversatt med skyldbrev, og jeg tror det kan være ganske riktig. Skyldbrev er det samme som en rekning, og det er bare en måte å bli kvitt en rekning på, og det er å betale den. Dette har Jesus gjort, han har betalt, han har gjort oss fri. Det var det som skjedde da han, Guds Sønn, tok på seg en tjeners skikkelse. Han var lydig i vårt sted, han fornedret seg selv, så han ble lydig inntil det å dø på kor-

# Av di du vanda Herrens ord

Av Odd Dyrøy

Guds folk Israel ville ha det slik som alle hine folk. Og det er alltid fårlag når Guds folk vil ha det som alle andre. Deira land låg midt imellom eller grensa til store fiendefolk som Filistarane, Amalekitane, Syrarane m.fl. Desse folka kjende ikkje Israels Gud, og dei stod Guds utvalde folk etter livet.

Israel, Guds utvalde folk, tenkte at om dei skulle vinna over fiendane sine eller stå på god fot med dei, så måtte dei bli dei lik. Og det endå Gud hadde sagt at han skulle vera hjå dei og vera deira Gud. «Til hovud skal Herren gjera deg, og aldri skal du verta hale. Alltid skal du vera ovanpå og aldri skal du liggja under, så sant du lyder Herrens ord.» (5. Moseb. 28, 13). Mange slike gode og sterke ord fekk dei frå Herren, som t.d.: «Eg skal strida for dykk og de skal vera stille.» Men til tross for dette seier Guds folk: «Vi vil ha det som hine folka. Kongen vår skal skifta rett millom oss, og gå fyre oss i striden når me har ufred.» Er ikkje dette svært å sjå? Dei vil vera som andre folk, vil ha menneske til å skifta rett, og menneske til å gå fyre seg i striden.

Dette var Guds folk før i tida, skal tru om Guds folk er slik i dag?

Herren hadde lova å døma og gi ettergjeld, å gå fyre dei i striden og ta seg av alle deira

set. Og på grunn av dette får vi idag syndernes forlatelse, ved troen på ham.

Jeg slutter med igjen å sitere fra Apostlenes gjerninger 10, 43: Hver den som tror på Ham, får syndernes forlatelse, ved hans navn. Så skal vi da i vår neste leksjon gå videre, og se hva dette fører til med Jesus.

Avskrevet etter lydband fra bibelkurs holdt i Norea Radio.

fiendar, så dei skulle sleppa å vera redde, men ennå valde dei menneskerett i staden for Guds rett, og menneske til å gå fremst i striden i staden for Herren. Dei gjorde eit dårleg byte, eit dårleg val. Du har vel ikkje gjort det same?

Kva var så årsak til at det gjekk slik med Guds folk? Jau, årsaka var at *dei vanda Herrens ord*. Dei ville ha det som andre hadde det. Sjølv om dei framleis ville vera Guds folk, og venta at Herren framleis skulle fri dei frå nød og frå fiendehand. Men det ser vi går ikkje. Vil vi ha det som andre, som verda, lyt vi dela kår med verda. Vil vi ha menneske fremst i alle ting, då lyt vi hausta det menneske sår. Den livslova står fast i Guds rike.

Å høy! Det menneske, den heim, og det land og folk som forkastar Herrens ord, forkastar Herren sjølv!

Heile Skrifta vitnar klart at det er berre ved *Guds ord* vi kan bli frelst. Det glade budskap er forkjent oss, liksom for hine, men ordet som dei høyarde, gagna ikkje dei av di det ikkje ved trua blei sameina med dei som høyarde det» (Hebr. 4, 2). Her ser vi korleis det gjekk dei som vanda Herrens ord. Det gjekk like galt som om om dei aldri hadde hørt det frelsande og bevarande ordet.

Tenk om dei hadde sagt som Samuel hin gong: «Herre tala, tenaren din høyrer!» (Les om dette i 1. Sam. bok 3, 10—21) Kven er det som vil ta imot eit slikt ord frå Herren i dag, og bera det vidare til vedkomande? Truleg hadde også Samuel hug til å slå av litt, for det kunne vel ikkje vera så alvorleg? Men Herrens ord lydde klart: «No vil eg gjera slike ting i Israel at det skal ringje for både øyro på alle som høyrer om det. Den dagen vil eg lata koma over Eli alt det eg har varsla om ætta hans, frå fyrist til sist. For eg har gjort

det kunningt for han at eg vil døma ætta hans for all tid for det brotet han har gjort : *At han ikkje aga sønene sine*, endå han visste at dei førde forbanning over seg. Difor har eg svore Eli - ætta : Aldri i verda skal brota åt Eli-ætta kunna sonast, korkje med matoffer eller slaktoffer». Det kunne ha kosta Samuel livet å fortelja det Gud tala. Men Samuel var tru mot Herren og bodskapen han fekk å forkynna, sjølv om det var tungt å gå med.

Samuel fekk sjå to ting. Først Eli-ætta sitt fall. Dei som skulle vera sjårar og sannseiarar for Guds folk, leiarar og førarar for Guds folk. Dei vende seg bort frå Guds ord og Guds veg, og førde forbanning over seg.

Det andre var at heile folket knurra mot Gud og vende seg bort frå Gud, ikkje lenger var fornøygd med Gud som konge og førar.

Det hadde ikkje vore underleg om Samuel ville lura seg unna, og om det hadde ført han inn i nød, sorg og fortvilelse. Men Samuel heldt seg til Herren og hans ord, og det står at Herren heldt fram med å openberra seg for Samuel med sitt ord, så heile Israel skyna at Herren sette lit til Samuel og hadde kalla han til profet.

Den som Herren kallar til sin bodberar også i dag, vil møta det same som Samuel. Han vil måtta sjå dei same to ting, for vårt folk går same vegen som Guds folk — Israel — gjorde fordom. Han vil måtta sjå det same, og gå med den same tunge bodskapen, men vil også få erfara det same som Samuel om han er tru mot Guds ord. Undrast på om det i dag er mange som får sjå det Samuel såg, og høyra det han fekk høyra? Det er vel fære for at dei er få i vår tid. Det er vel truleg i dag som det står skrive : Guds ord var dyrt i dei dagar, og det var lite av syner.

Men det var og er også ein liten flokk som tek imot ordet, som blei frelst og fekk smaka at Herren var god. Ordet blei maten, ordet vart vegen, og ordet blei trøysta for dei. Ordet tukta for synd og drog synda fram i lyset, og ordet openberra og tukta vantrua og eigenrettferda. Men det blei også Ordet som openberra Jesus, og Guds frelse i han, for hjarta.

Men så blei ordet forsømt og sett til side. Dei lika det ikkje lenger, for det stengde alt menneske sitt — det menneske er etter naturen — inn under synd.

Det kan vera tungt å stå for Herrens åsyn og måtta seja av hjarta : «Mot deg einast har eg synda, og det som er vandt i dine augo har eg gjort.» Men endå tyngre å måtta høyrar : «Fordi du har vanda Herrens ord, har Herren vanda deg.»

Jesus seier at endå ei lita stund har me lyset mellom oss. Gå så lenge de har lyset, så ikkje myrkret skal koma over dykk. Den som går i myrkret veit ikkje kvar han kjem av. (Johs. 12, 35).

Bibelen viser at disse Jesu ord var sanne for mange av Israel, for Saul, Judas, Demas og m.fl., og i Den nye pakt for Galaterne med fleire. Dei tok til å vanda Herrens ord og kom inn i mørkret og ferdast i mørkret. Om det blei dei sagt frå Herren, så ville dei ikkje tru og venda om.

Her ser me klart kva fylgjer det får om me vrakar og forkastar Herrens ord. Vi treng å be : «Herre Jesus la meg have dine ord i hjertet lukt, og la denne himmelens gave bære en velsignet frukt. Ta dem aldri bort fra meg, til himmelrik hos deg. Du den ære meg vil gjøre, jeg deg selv får se og høre.»

Sæle er dykker augo som ser, og dykker øyro som høyrer !

# Den truande forsamlingen

Efes. 4, 1—16. —

Av Gudmund Hjorthaug

I dette avsnittet talar apostelen om den truande forsamlingen, om korleis me skal ferdast i lag med dei truande. «Så, legg eg dykk då på hjarta, eg som er ein fange i Herren, at de må ferdast så som verdigt er for det kallet de vart kalla med». Paulus skriv også om det same til Timoteus : «At du kan vita korleis ein skal ferdast i Guds hus» (L. Tiomt 3, 15.) Guds hus er den truande forsamlingen, etter Bibelens ord. Det er ikkje det kristne lokala, anten det er med eller uten tårn, det er den kristne forsamling.

Eg trur eg kan seia det at når me ser på den flokken som me hører til, og som er vårt samfunn av dei heilage, så har me useieleg lett for å sjå på den som ei onnor foreining. Sjå på den som eit bondelag eller ei fagforeining, eller som ei onnor verdsleg foreining. Sjå på den truande forsamling som ei foreining der me gjer som me har lyst til. Når det gjeld ei verdsleg foreining, så spør me oss sjølv om det løner seg for meg å vera der, og om der er slik at eg har lyst til å vera der, og for det tredje om det er nødvendig å vera der. Og kjem me til eit negativt resultat, så bles me i det og bryr oss ikkje meir med det. Og det er vel greidt nok. Men reknar me slik når det gjeld Kristi forsamling, då er me totalt på avveg. Då reknar me etter kjøtet, og ikkje etter Ånden. Korleis går det med den som held seg etter kjøtet og kjøtet sine gjerningar? Han taper til slutt Ånden og livet!

Kvifor? Fordi den kristne forsamling er av Gud. Der er Kristus hovudet, og dermed er det han som bestemmer kva forhold du skal stå i til samfunnet av dei heilage, ikkje du, men Han. Og om du tek til å bestemma sjølv, etter din lyst og forstand, då går det galt. Dette gjeld meg, og det gjeld deg. Men du og du kor lite dette står klart for oss, og

kor mange har det ikkje gått galt med også i våre flokker. Og det på grunn av at ein stilte seg til forsamlingen etter si eiga lyst, i staden for å sjå og høyra etter kva Bibelen seier om det.

Forsamlingen av dei heilage er Kristi lekam og kvar den som hører med — som verkeleg er frelst, han er ein lem på Kristi lekam, og forsamlinga er Guds tempel. Og den som er likegyldig med Guds tempel, han vil det gå galt. I Kor. 3. kap. talar også Gud om dette: «Veit de ikkje at de er Guds tempel, og at Guds Ande bur i dykk? Om nokon øydelegg Guds tempel, han skal Gud øydeleggje. Då ser me at det er viktig å vite korleis ein skal stille seg til Gud hus, og då er det viktig å fylgje etter det ein får vite gjennom ordet.

Kva seier så formaningane i Guds ord om dette? Då er det noko eg har lyst å nemne først, fordi det står så ofte i Guds ord. Guds ord seier at eg og du som er frelst skal ha forsamlinga som vår åndelege heim, vi skal rett og slett bu der, åndeleg tala. Det er nok sant at kvar einskild kristen er eit åndens tempel. Det står i 1. Korint. 6, 19 : «Eller veit de ikkje at lekamen dykkar er eit tempel for den Heilage Ande, som bur i dykk». Der blir det advart mot grove synder som hadde fått innpass i menigheten. Så det er sant at kvar kristen som er fødd av Gud, han er sjølv eit Åndens tempel der den Heilage Ande bur. Han tener meg og han tener deg ved evangeliet i det daglige livet. Du får lov å leve i ei daglig gudsteneste fordi du er eit tempel for Herren.

Men det er inga unskyldning for oss til å halde oss borte frå dei heilage sitt samfunn. Det kan være tider og stunder og anledninger då Gud set eit frelst menneske åleine. På ein eller annan måte blir vedkomande hindra frå

å søkje dei heilage sitt samfunn, anten ved sjukdom eller andre ting. Då er det ei sanning at dette menneske vil Gud halde oppe ved den personlege gudsteneste, ved Andens teneste i dette personlege tempel. Men er det slik at eg og du er liksel, og av den grunn held oss borte frå Guds forsamling, eller av andre fornuftgrunnar me har, då går det galt med oss. For dette åndelege tempel som forsamlinga av dei truande er, det er først og fremst tenkt som ein heim for dei truande, for barna — spebarna om du vil. Her har Gud på ei serskild vis sagt at her vil eg bu, her vil eg møtast med mitt folk, her vil eg openberra meg for dei, og her vil Gud gi sine det dei treng av mat, oppdragelse og kva me elles treng på vegen. Slik har Gud gjort det. Det normale er altså at Guds barn har forsamlingen som sin åndelege heim og tilhaldsstad.

Kva for forsamling er vår åndelege henm? Då trur eg at eg kan seie, og det trur eg også eg har frå Guds ord, at det er den forsamlingen Gud har født deg inn i, eller der Gud ved sitt ord har openberra for deg at dette er din plass.

Og her står eg frimodig, endå det er tusen røster som ropar gjennom året at det er nyttaust der du er. Like vel står eg frimodig møtest og samlast frimodig, av den eine grunn at Herren har openberra for meg at her skal du vera. Og det er nok for meg. Dertil har Herren også velsigna brødet, ordet sitt og brodersamfunnet i denne heimen for oss. Han har velsigna med nåde over nåde, ikkje fordi eg er noko verd, eller at samfunnet vårt er meire verd enn andre, men på grunn av dette eine at eg fekk nåde til å gå på Herrens ord, Og då kan me syngje med Orheim : «La andre seie kva dei vil.»

Det er noko forunderleg dette å ha fått openberra frå Herren gjennom Ordet at her skal du vera, her høyrer du til, og så få lyda til og erfare det Herren har sagt at eg vil møte deg der, eg vil velsigne deg der. Korleis kjänner du det?

Eg veit at der er mange det sviktar for her, presset, dei villfarande røster eller kva det var blei for sterke. Gud viste nok veg og sa der, der skal du vere, men fornufta sa at det nyttar ikkje, det blir altfor hardt. Kanskje mange møtte Gud nettopp i våre forsamlingar, og fekk tru seg frelst, men forholda blei slik at fornufta protesterte og kjøtet krympa seg og sa nei. Der var greidt nok, men det lyt vera, lyt vera nå, og så trekte dei seg tilbake. Ingen trekkjer seg tilbake på denne måten, utan at dei taper velsigninga frå Gud. Men dei kan nok berge livet, om dei finn seg ein annan heim der Gud openberrar seg, det kan ikkje nektast.

Men rett sett må kvar einaste kristen ha ein heim, der evangeliet blir openberra til mat for hjertet igjen og igjen, og der ein kan smelta saman i brodersamfunn med dei som møtest der. Denne heimen har Gud gitt oss til vern på vegen. Det sto i versa me las kva som er målet med den åndelege heimen. Først det å bli bevart i samfunnet med Jesus. Men så skal me og få alt det me treng for å veksa og bli styrkte, slik at me når fram til aldersmålet for Kristi fylde, står det i vers 13. Og vidare at me skal vekse i trua på Guds Son, og i kjennskap til han, til mogen manndom, så me ikkje lenger skal vere umyndige, og la oss kaste og drive om av kvar lærdoms vind, ved mein spel av menneske og sløgd i kunster av villfaringa.

Det er jo heilt opplagt at som nyfødde kristne, så har Gud tenkt at me skal vekse ein vokster, slik at me veks fastare inn i samfunnet med Jesus, at han får opplyse oss meir, feste oss fastare på evangeliet sin grunn og gjere det klarare og klarare for oss kva det betyr å høyre Herren til. Det er jo med tanke på det, Gud også har samla oss til disse bibelvirkene, så han kan få gi oss meir av sin nådes lys. Han seier her at nett det er årsaka til at det er så nødvendig å søkje inn i fellesskapet, for nett der har Gud på serskild vis lova å møta oss og openberre seg for oss.

Altså treng me det for å bli bevart i livet med Gud, me treng det for å bli bevart mot alle lærdoms ver for ikke å fare vill, og for å vekse i nåde og kjennskap til vår Herre og frelsar, så me kan vekse fram til manns modning i Kristus. Lenger nede står det at me treng det for at dei heilage kan bli fullt budde til å gjere teneste, til oppbygging av Kristi lekam. Me treng dette samfunnet for at Gud kan få sin vilje og veg med oss, for at den tenesta Gud har tiltenkt oss kan me berre bli opplærd til i dei heilage sin forsamling.

Så om du ikke fekk meir av denne timen, så ta med deg heim att den lærdom at du kan ikke gjere etter di lyst, eller etter din meir og mindre blinde forstand når det gjeld samfunnet av dei heilage. Når det gjeld flokken og møtene må du gjere etter det Guds ord seier, og som dei første kristne gjorde. Veit du kva det står om dei? Vil du vite det, kan du slå opp i Ap.gj. 2. kap. Der står det at dei heldt trufast ved i samfunnet, brødbrytinga og bønene. Ja, først sto det at dei heldt trufast fast ved apostlane si lære. Det står endå til at dei kom saman kvar dag. Det er ikke alltid me har anledning til det, men om me nyttar kvar anledning me har?

Har du lagt merke til kor mange ting som legg seg i vegen når ein skal samlast om ordet? Og det anten det er andagt heime, små møte og vitnemøte, eller når forkynnaranane kjem. Ofte har eg tenkt: At djevelen får

lov! Men du ser at Gud vil der skal vera anledning til å ta anstøt, og der skal vera anledning til å trenge seg igjennom. Derfor tillet Gud det. Slik er Gud.

Men Satan er aller mest frampå, der han ser det er fare for at du kan få noko frå Gud.

Så står det ein ting til, om det å vandre i Guds hus: «Så legg eg dykk då på hjarta, eg som er ein fange i Herren, at de må ferdast så som verdig er etter det kall de vart kalla med, med all ydmykhet og saktmodighet og med langmod, så de toler kvarandre i kjærleik. Legg vinn på å halde Andens einskap i fredens samband». Ser du det?

Her ser det ut for at eg og du — dei ein-skilde lemene i samfunnet — kan gjere mykje til at samfunnet kan vekse og bli bevart i Andens einskap og i fredens samband. Først seier han at de er jo eit i Anden, grunnlaget for einskapen er der. Ein lekam, ein Ande, ei von og eit håp, ei tru, ein Herre, og ein Gud som er Fader til alle, han som er over alle og gjennom alle og i alle.

Men likevel seier han at nå får de gjere det de kan for å bevare denne Andens einskap, som Gud har gitt oss i og med det at me blei fødd inn i det heilage samfunnet. Og som er gitt oss i og med at kvar einaste ein som er fødd av Gud, er fødd inn i eit heilagt åndeleg brorskap.

Og korleis kan me gjere det? Det får me prøve svare på i eit seinare stykke.

## *Eit bilet av vår tid*

Når eg skal seja nokre ord om mitt syn på vår åndelege stoda i dag, då vil eg først nernna to utviklingslinjer som er synberre for alle.

Først ei veksande verksemd, fleire organisasjoner, stutt sagt meir og meir kristen verksemd og innsats. Dette er på mange måtar ei glede.

Men ved sida av denne går det ei onnor

linja som gjer meg redd. Me utviklast frå eit kristent folk, til eit religiøst folk. Og derifrå er vegen kort og grensene utviska til eit gudlaust menneskeliv. Retningen er i alle høve ikke til å ta feil av.

Tidsbilete står soleis for meg: Ein veksande nedbrytingsprosess i folket og folkesjela, kristeleg og moralsk. På andre sida eit

veksande kristeleg arbeidsapparat utetter.

Tusenvis av augo er retta mot dette forhold, både frå kristelege og verdslege leiarar, og alle spør : «Kven vinn?»

Dette er det mest aktuelle spørsmål for heile det norske folk i dag : Kven vinn den norske folkesjela, Gud eller Satan ?

Korleis kan så me som einskildmenneske og som kristenfolk vinna i denne gigantiske åndskamp? Då veit ikkje eg betre svar enn det som står i Matt. 1, 21 : «Du skal kalla hans namn Jesus, for han skal frelsa folket sitt frå syndene deira.» Får ikkje Jesus ta bort synlene våre, ikkje berre frå Guds åsyn, men og frå vårt daglege, praktiske kristenliv, så sokk me med stadig raskare tempo.

Spørsmålet blir derfor til kvar einskild av oss : Skal Jesus få frelsa deg frå dine personlege synder? Tonar det eit sterkt ja på dette spørsmålet gjennom vårt kristenfolk, ser eg med von på framtida, elles ikkje.

*Vincent Færrevåg.*

Omkring femten år er gått sidan vår avdøde medarbeidar skreiv dette. Og me som lever i dag kan berre slå fast at det biletet av tida han skisserte for oss ovanfor held fram, med stadig aukande kraft og fart.

Med bibelsk rett kan me vel knapt lenger kalla oss *eit kristent folk*. Almenreligiøsitet ser ut for å ta overhand, og det gudlause menneskelivet han tala om er ein realitet for ein stor del av vårt folk.

*Nedbrytingsprosessen* er i full gang, både moralsk og kristeleg, i heim og skule og samfunn. Veldige åndskrefter er i sving for å rydde unna det som held att. Då kjem Anti-Kristen si tid, lærer Skriften.

Jesus græt nok også i dag når han ser utover vårt arme folk, som han gjorde hin dag då han såg utover Jerusalem. Folket kjenner ikkje si nådetid og gjestingstid.

Mange anar at det ber galt i veg, og set ned granskingskommisjonar til å leita etter hjelpearåder.

Her finst berre ei råd. *Jesus*, som frelses

frå synda. Å forkynna han, og Guds ord — både lov og evangelium — i heim og skule, litteratur, radio og fjernsyn. Ikkje almenreligiøsitet sin Jesus og evangelium, som er uten liv og kraft, men *Bibelens Jesus, krossen sitt sanne evangelium*, som er ein dårskap for det naturlege menneske, men ei *Guds kraft til frelse* for kvar den som trur.

Viser me Jesus ifrå oss, då kan ingen ting redda den einskilde eller folket vårt. «*Høy Andens tale til menigheten!*! «*Land, Land, hør Herrens ord!*»

Red .

## Sjelens anker

Når stormen kommer på, da er det trygt å ha et sterkt anker, med feste i en god og sikker ankergrunn. Ankeret og ankergrunnen kan da være avgjørende for liv eller død.

Slik er det også når det gjelder vår sjel og de åndssormer den møter i livet og i døden. Der vil ankeret og ankergrunnen være avgjørende for om stormene fører til evig liv eller evig død, frelse eller fortapelse.

Guds ord lærer at vi har *håpet om frelse* som et anker for vår sjel (Hebr. 6, 18—19). Det er svært for det menneske som er uten håp, for å kunne klare å leve, om ikke annet så et falskt håp. Så lenge der er liv, må et menneske ha et håp. Den håpløse blir ikke gammel, enten det gjelder menneskelivet eller sjelen.

Men ankeret er ikke det avgjørende, men *ankergrunnen*. Har ikke ankeret feste i en sikker ankergrunn, men bare i vannet, da følger både skipet og ankeret med strømmen, vinden og stormen mot en sikker undergang og død, Slik også med sjelens anker : *Håpet om frelse.*

Det er godt omdu eier håp om frelse, men hva grunner du det på?

Skriften lærer at den ugudlige er *uten håp og uten Gud i verden*. Det vil ikke si at de er

# *Jesus han lever*

Tone : Salige visshett (uten refr.)

utan håp, men at de lever på falske håp. Noen lever på det håpet at det finnes ikke noe liv etter døden, at alt er slutt ved den legemlige død. Andre håper på fremtiden, at de skal bli frelst siden, eller i alle fall før sin død. Etter andre grunner sitt håp om frelse på sin dåp, eller sin omvendelse, sitt liv og gjerninger som kristen, sine opplevelser, erfaringer, bønnhørelser, eller andre forgjengelige ting som ikke kan frelse. Den som bygger sitt håp om frelse på noe ved mennesket, eller den synlige menighet eller andre ting som hører dette forgjengelige til, han er lik en veltørs mann som kaster ankeret i båten og lar det stå til i god tro.

Ankeret må innom forhenget, der Jesus gikk inn for oss. Jesus er vårt eneste sikre og trygge håp eller ankergrunn. «Nå har jeg funnet det jeg grunner mitt salighetens anker på. Den grunn er Jesu død og vunder, hvor den før verdens grunnvoll lå. Det er den grunn som evig står når jord og himmel selv forgår», syng sangeren. (Les 293 i sangboka).

Gud gav allerede Adam et håp på fallets dag ved vitnesbyrdet om ham som skulle komme og knuse slangens hode. Dette håp ble fornyet for Abraham, som det står om at mot håp trodde han med håp. I tro på det håp som Guds mange løfter om Jesus gav, levde og døde de mange vitner Gud har gitt i skrifta.

Gud har ved sine løfter og sin ed gitt oss to urykkelige ting, hvori Gud umulig kunne lyve, forat vi skulle ha en sterk trøst, vi som har tatt vår tilflukt til Jesus og det som ventar oss i ham. Det er som et anker for sjelen, og er trygt og fast.

Hvor har du kastet anker for din sjels frelse ?

A. L.

*Jesus han lever sannhet så stor  
Jesus han lever sier Guds ord !  
Jesus han lever han er min venn.  
Han er gått foran til himlens hjem.*

*Jesus han lever sannhet så stor.  
Ja han en dag til himmelen for.  
Der skal vi møte synderes venn  
hjemme for evig i Himmel.*

*Ham får vi skue slik som han er.  
Der blir lagt ned hver byrde vi bær.  
Alt som oss her gjør smerte og ve  
glemmes for evig når ham vi ser.*

*Jesus min frelser herlige skatt  
som mellemmann hos Faderen er satt  
Taler min sak, der innfor min Gud.  
Av nåde er jeg en Frelserens brud.*

*Engang skal alle hvorfor få svar.  
Tårer på kinn skal han tørre av  
sorg over synd vi kjenner ei mer  
synden er borte Jesus vi ser.*

*Tenk å få slippe nød, sorg og savn  
bare få hvile i Jesu favn.  
Da blir vi alle Frelseren lik.  
Herlige sannhet lov takk og pris.*

*RAGNA BRENTØY.*